

Kunnskapsgrunnlag for berekraftig arbeid med kulturarven i Setesdal

Mandat

Oppdraget gjeld utgreiing av ein teneleg struktur som kan bidra til å styrke, fremje og samle arbeidet med kulturarven i Setesdal, med særleg vekt på den immaterielle kulturarven og Unesco-elementa. Oppdraget omfattar å vurdere Setesdalsmuseet på Bjugsbakk som besøks- og visningscenter for materiell og immateriell kulturarv, og sjå på kva for rolle Sylvartun kan spele i ei slik samla satsing.

Bakgrunn

Den rike kulturarven i Setesdal omfattar eit mangfald av materielle og immaterielle uttrykk som skal forvaltast for framtida og formidlast for samtida. Det er behov for eit grundig kunnskapsgrunnlag for å kunne sette retning for eit systematisk og heilskapleg arbeid med kulturarven i Setesdal, med ein solid fagleg og organisatorisk infrastruktur som står seg over tid.

Byggeskikk og tradisjonshandverk, draktkultur, og folkemusikk- og dans utmerkar seg som kulturelle uttrykksformer i regionen. Desse kulturuttrykka har både materielle og immaterielle dimensjonar ved seg, og bygger på tradisjonskunnskap overført mellom menneske. Gjennom Unesco-konvensjon av 2003 er ein særleg plikta til å forvalte og formidle dei immaterielle kulturuttrykka. I 2019 blei folkemusikk og folkedans frå øvre del av Setesdal tatt inn på Unesco si representative liste for verdsarv. Det inneber ei særleg plikt til å arbeide systematisk og heilskapleg for å verne om og fremje denne delen av den immaterielle kulturarven. Både Unesco-elementet især, og den immaterielle kulturarven i Setesdal som heilskap, er sårbare, og har vern gjennom rekruttering og overføring av handlingsbåre kunnskap som felles mål og utfordring.

Setesdal omfattar i utgangspunktet kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes, i tillegg til at Åseral også reknast inn i Setesdalsregionen. Regionen si omfattande geografiske utstrekning legg føringar for den infrastrukturelle organiseringa av arbeidet med kulturarven i Setesdal. Den faglege spennvidda er også eit vesenselement når ein skal utforme ein heilskapleg struktur for arbeidet. Eit breitt spekter av interessentar kring arbeidet inneber at det er eit mangfald av perspektiv og behov å ta omsyn til når ein skal arbeide strukturert, målretta og berekraftig med kulturarven i regionen.

Dagens situasjon

Dagens utfordringsbilete er prega av at den faglege spennvidda er stor, og interessentmangfaldet breitt, i tillegg til at regionen er geografisk omfangsrik, med fleire kulturhistoriske lokasjonar og visningsstader. Det er fleire større og ressurskrevjande

kulturarvsrelaterte prosjekt som er under planlegging og utgreiing, parallelt og kvar for seg, utan felles forankring eller overbygg. Det er behov for å sikre heilskapleg tenking, der ein ser setesdalsregionen under eitt, søker felles fagleg forankring og styrke, og ser arbeidet med materiell og immateriell kulturarv i samanheng. Konsolideringa av musea i Agder, der Setesdalsmuseet blei del av Aust-Agder museum og arkiv IKS, har bidratt til ei profesjonalisering av det museumsfaglege arbeidet og dermed ei endring i samarbeidet med frivilligheita. Dette kjenner ein att mange stader i landet. Det er difor og behov for å sjå med nye auge på samarbeidet mellom frivilligheita, utøvarmiljøa og museet.

Den immaterielle kulturarven i regionen kviler i stor grad på tradisjonsberarane, som er enkeltpersonar og frivillige lag og organisasjonar. I prosjektrapport for Setesdalsfolk (2023) blir eit kulturarvsenter trekt fram som ein teneleg måte å organisere arbeidet med folkemusikk og –dans på, der ein kan samle fag- og utøvarmiljø for formidling og vidareføring av den levande kulturarven. Det er vesentleg å få eit grundig kunnskapsgrunnlag for å vurdere om eit eige kulturarvsenter er ein eigna struktur for dette arbeidet, eller om eit fornya setesdalsmuseum kan rome ei slik oppgåve.

Setesdalsmuseet, som offentleg finansiert lokal kulturarvsinstitusjon, har ei sentral rolle som forvaltar og formidlar av kulturarven i Setesdal, og utgjør i dag ein viktig infrastruktur for kulturarvsarbeidet i vid tyding. Musea har eit særleg ansvar for å sjå den materielle og den immaterielle kulturarven i samanheng (Meld. St. 23 (2020-2021)). Det inngår i moglegheitsstudien å vurdere kva for rolle Setesdalsmuseet bør ta i det vidare arbeidet med den immaterielle kulturarven.

Hovudkontoret til Setesdalsmuseet og Setesdal bygningsvernsenter held til på Bjugsbakk, og held ope for gjestar heile året. I tillegg har Setesdalsmuseet drifts- og formidlingsansvar for 14 lokasjonar i regionen som held ope i sommarsesongen. Hovudkontoret held til i eit bygg med fleire oppgåver og funksjonar. Utover å vere museumsbygg med utstillingslokale og magasin, og kontor til museumstilsette, er det kontorfellesskap for Agder folkemusikkarkiv og Agder fylkeskommune si rådgjevarteneste for bygningsvern samt verneområdeforvaltar frå statsforvaltninga.

Kontorfasilitetane er provisoriske og prega av plassmangel. Det ligg føre planar for utbygging av hovudkontoret på Bjugsbakk, som har uttalt behov for fleire kontorplassar for å rome og styrke fagmiljøet. Setesdalsmuseet har også fått ei svært rik kunstsamling av setesdalskunstnaren Olav Bjørgum i gåve, men har i dag avgrensa høve til å vise fram verka. Det er ønskeleg å vurdere potensial i eksisterande miljø og museumsbygg på Bjugsbakk, og korleis ein kan utvikle Bjugsbakk vidare til det beste for arbeidet med kulturarven i Setesdal.

Setesdal bygningsvernsenter er ein del av Setesdalsmuseet som er lokalisert på Bjugsbakk. Verkefeltet femnar om både materiell og immateriell kulturarv, med praktisk restaureringsarbeid, formidling av tradisjonshandverk, og dokumentasjons- og

kompetanseutvikling kring handlingsbåre kunnskap. Dette fagområdet står i ein sårbar situasjon med omsyn til rekruttering og tradering av den immaterielle, handlingsbåre arven. Formidling av tradisjonshandverk og overføring av tradisjonskunnskap er blant bygningsvernsenteret sine viktigaste oppgåver framover for å føre den handlingsbåre kunnskapen vidare. I samarbeid med Agder fylkeskommune, har bygningsvernsenteret kompetansehevingsprosjekt som trekker til seg fagfolk frå heile landet. Det er behov for formidlingsfasilitetar og tilrettelegging for besøkande.

Stiftelsen Setesdal Stavkyrkje ønsker å rekonstruere og oppføre ei stavkyrkje på Bjugsbakk i samarbeid med Norsk handverksinstitutt og Setesdal bygningsvernsenter. Eit vesentleg mål med dette prosjektet er å utvikle kompetanse innan tradisjonell handverksteknikk på nasjonalt nivå, og formidle dette undervegs i byggeprosessen. Om konstruksjonen blir ført opp, vil det stå ei stavkyrkje på museet sitt område på Bjugsbakk. Dette prosjektet kan gi auka behov for å utvikle publikumsmottak og formidlingsfasilitetar på Bjugsbakk, og må reknast inn i heilskapen av aktivitet og attraksjonar på området.

Det er sentralt å vurdere korleis det å styrke og vidareutvikle aktiviteten og infrastrukturen på Bjugsbakk kan tene til å samle, styrke og løfte arbeidet med den særskilte setesdalskulturen og den materielle og immaterielle kulturarv på lang sikt.

Sylvartun har ein viktig plass i Setesdals kulturhistorie, frå den tida då det var eit aktivt folkemusikkmiljø kring spelemannen Torleiv Bjørgum og sylvsmia hans. På 90-talet var Sylvartun ein unik attraksjon innan folkemusikk også utanfor dalen, og fungerte som møteplass for utøvarmiljøet. Sylvartun er eit tun med 4 gamle bygningar og eit nybygg: eit stolpehus, ei badstoge, lislebu, gamlestog og eit nytt bygg med utstilling i 1. og 2. høgda og produksjonslokale i underhøgda.

Det nye bygget blir leigd av Setesdalsmuseet og er i dag formidlingsarena og øvingslokale for folkemusikk og folkedans. Spelemannslaget har i dag tilbod om å kjøpe bygget, føreset at det er eit apparat som har økonomi og kapasitet til å koordinere og drifte det. Det er også konkrete planar om å revitalisere sylvsmia i tunet, og lokale handverkarar er interesserte i å ha verksemd der. Det er samstundes store utfordringar knytt til Sylvartun som formidlingsarena for den immaterielle kulturarven og Unesco-elementa for framtida. Dette gjeld til dømes egna rom til utstillingar og danseøvingar i tillegg til at det er utfordringar knytt til parkeringstilhøva og universell utforming. Gjeldande reguleringsplan gir også avgrensingar for utvikling av anlegget. Det ligg til utgreiinga å vurdere kva rolle Sylvartun kan ha i ein struktur som skal ha som mål å styrke og samle satsinga på folkemusikken og-dansen i Setesdal og kulturarven i vid tyding.

Det er også store visjonar for fleire av dei andre lokalitetane som Setesdalsmuseet driftar. I 2022 blei det lagt eit forprosjekt for servicebygg og formidlingscenter på

Rygnestad, der formidling av kulturlandskap, matkultur og tradisjonskunnskap er ein del av innhaldet (Flateland 2022). Opplevingsbasert reiseliv er tenkt inn i dette. Dette er eit omfattande prosjekt, som inneber utvida drifts- og formidlingsansvar for Setesdalsmuseet.

Parallelt går det føre seg eit offensivt arbeid i lokal politikk og reiselivsnæringa for at Riksveg 9 gjennom dalen skal få status som Nasjonal turistveg. Ei ambisiøs vidareutvikling av museums- og formidlingstilbodet knytt til setesdalkulturen må også sjåast i lys av dette arbeidet.

Ambisjonar

Det overordna oppdraget for denne ugreiinga er å vurdere alternative strukturer som er velegna for arbeid med å bevare og formidle kulturarven i Setesdal. Det inneber å vurderer rammer for å samle og bygge fagmiljøa kring kulturarven, med fasilitetar til å utføre dokumentasjons- og bevaringsarbeid, og å dele og utvikle fagkompetanse. Eit sentralt spørsmål som utgreiinga skal svare på, er kva som vil vere ein velegna struktur for å forvalte og formidle den immaterielle kulturarven i Setesdal for framtida. Like viktig er det å styrke og stø opp om utøvarmiljøa, og legge til rette for rekruttering av utøvarar for vidare tradering og levande kulturarv. Ein vesentleg dimensjon er å formidle den levande kulturarven til eit breitt nasjonalt og internasjonalt publikum på heilårsbasis, og vere ein del av det opplevingsbaserte reiselivet.

Setesdalsmuseet er og skal vere eit fagleg og organisatorisk knutepunkt i arbeidet med den immaterielle kulturarven i Setesdal, og skal forvalte og formidle levande immateriell kulturarv, og bringe fram ny kunnskap. Setesdalsmuseet har eit særleg nasjonalt ansvar for å verne om og formidle den immaterielle kulturarven i Setesdal, og også for å sjå materiell og immateriell kulturarv i samanheng.

Organisering

Ein tilrår at utgreiinga blir gjennomført av eit eksternt miljø med kompetanse innan kulturvern, folkemusikk/dans, kulturarv, frivilligheit i kulturvernarbeidet og utviklingsarbeid innan museumsfeltet.

Ein tilrår vidare at AAma tar ansvaret for å bestille, og følge opp arbeidet med rapporten, og vidare at Kulturarvrådet for folkemusikk og -dans i Setesdalsregionen er referansegruppe for utgreiingsprosjektet.

Økonomi

Utgreiinga bør kunne gjennomførast innan ei tidsramme på omlag tre månadsverk og med ei øvre økonomisk ramme på kr 500 000.

Det er naturleg at aktørane som har tatt initiativ til utgreiinga, tar ansvar for å sikre finansiering av arbeidet. Styret i AAma vil ta stilling til om verksemda har høve til å bidra med ein mindre sum.

Framdrift

Oppdraget må ut på anbod. AAma tar ansvaret for å sette i verk anbodsutlysning så snart finansieringa er på plass. Utgreiinga bør kunne ligge føre innan første kvartal 2025.

Referansar:

Det kongelige kulturdepartementet 2021: *Meld.St.23. Musea i samfunnet. Tillit, ting, tid.*

Flateland, Åse Ingebjørg 2022: *Servicebygg og formidlingscenter på Rygnestad. Forprosjekt 2022. Setesdalsmuseet eigedom IKS.*

Lien, Annbjørg 2023: *Prosjekt: Setesdalsfolk - Rapport 2021-2023. Agder fylkeskommune*